



Voss herad 

VETERANPLAN

2025 – 2028



Grunnlaget bak ein veteranplan

Fridom er ikkje noko vi kan ta for gitt. Det er lenge sidan det var krig i landet vårt og Voss vart bomba under 2.verdskrig i 1940. Men det har vore, og er andre konflikhtar i verda der nordmenn har bidrege i fredsbevarande arbeid.

Sidan 1947 har 120 000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar på våre vegne. Dette omfattar 100 operasjonar på fire kontinent. Slike operasjonar finn stad den dag i dag. Folk som har bidrege i slike operasjonar vert kalla veteranar. Gjennom å oppleve krig og konflikt kan den einskilde veteran ha fått både gode og vonde opplevingar. Desse opplevingane vil og kunne påverke dei som er nær veteranen som t.d. nærstående, pårørande og familie.

Ivaretaking av veteranar frå internasjonale operasjonar er et samfunnsansvar for alle sektorar, og spesielt for kommunen veteranane bur i. Gjennom utarbeiding av denne veteranplanen skal Voss herad utvikla og forankra samarbeid med kompetansmiljø lokalt og nasjonalt. Planen er utarbeida i samarbeid med NAV, Forsvarets veteraneneste, Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging (RVTS), Skadde i internasjonale operasjonar (SIOPS), og Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjonar (NVIO).

Voss herad skal bidra til at innbyggjarane har det godt. Voss herad sin veteranplan bygger vidare på Regjeringa sin oppfølgingsplan, og tiltaka føreset tema som anerkjenning, ivaretaking, og oppfølging. I Vossaregionen er det over 250 veteranar som har tenestegjort frå 1978 og til i dag. I det utvida veteranomgrepet som omfattar veteranane sine næraste, er det langt fleire som vert omfatta av denne planen. Ein tar ofte høgde for at denne gruppa består av 4 andre og på den måten treffer denne planen over 1250 av innbyggjarar i Voss og regionen. Veteranar frå operasjonar før 1978, f.eks. Tysklandsbrigaden, må leggest til dette talet. Vestlandet har ein sterk forsvarstradisjon, noko gjer talet veteranar i vår region høgt.

Tiltaksplan

Voss herad sin veteranplan vil fokusera konkret på 14 tiltakspunkt for å oppnå målet om auka anerkjenning, ivaretaking, og oppfølging. Tiltaka markerer ei vidareføring av kommunen sitt veteranfokus, og vil fungera som inspirasjon til vidare arbeid for å fremma veteranar si posisjon i samfunnet. Tiltaka vil verta tilpassa ettersom samfunnet endrar seg.

Mål og tiltak:

- Anerkjenne, ivareta, og følge opp veteranane våre før, under, og etter internasjonal teneste for Noreg
- Gjera det enklare for kommunen å utfylle sin rolle som primær tenesteleverandør for veteranane sine behov i lokalsamfunnet
- Auka samhandling i kommunen, slik at veteranar og deira familiar, blir møtt med gjennomgåande kompetanse og forståing.
- Fungere som eit opplysnings- og informasjonsdokument både for veteranar, kommunen, og lokalsamfunnet som heilskap.

Veteranar har delteke i operasjonar på vegne av den norske stat. Sjølv om dei ikkje har formelle rettigheter som gir prioritet i det sivile helse- og velferds tilbodet, er det eit viktig ledd i anerkjenninga av deira innsats at dei opplever dei kommunale tenestene som tilgjengelege og samordna. Implementering av tiltaka under vil kunne bidra til dette.

Anerkjenning

Kommunen skal vise anerkjenning for den innsatsen veteranane har gjort gjennom si deltaking i internasjonale operasjonar. Det kan vera ulike oppfatningar om grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette fortener den einskilde veteran anerkjenning og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si anerkjenning av både innsatsen og den einskilde veteran. Dette bidreg til å ivareta historia og knyta band mellom Forsvaret og samfunnet

Lokale markeringar er viktig for å synleggjere at veteranar også er ein del av lokalsamfunnet.

8. mai er Noregs sin frigjerings- og veteran dag. Dette er den viktigaste dagen for å markera anerkjenning for veteranar frå andre verdskrig og samstundes trekke linjene fram til veteranar i dag. Minnesmerke etter falne frå andre verdskrig finns i mange av landet sine kommunar. Ytterlegare finns det minnesmerke over falne og innsatsar i nyare tid.

Tiltak

8. mai, frigjerings- og veterandagen	Voss herad vil styrkja sitt årlege 8. mai arrangement for veteranane i kommunen, med ordføraren som ansvarleg. Alle veteranar i kommunen vert invitert til eit ope arrangement med familie og pårørande. Det vert gjeve rom til ein veterantale under arrangementet. Veteranar utanfor kommunen vert oppmoda om å delta. Det er eit ynskje at arrangementet vert lagt til Vangskyrkja, Voss kulturhus eller Gamlekinoen på kveldstid. Arrangementet på Bømoen består som før kl. 10.00.
FN-Dagen	Skulane vert oppmoda til å nytta lokale veteranar i undervisninga i forbindelse med FN-dagen 24.oktober eller der det vil passa med undervisningsplanar. Dette for å synleggjera Norge sitt bidrag i internasjonale operasjonar.
Monument og flagg	Det utarbeidast ein vedlikehaldsplan for monumenta. Flagg-rutinar er innarbeid. Det arbeidast med å etablerast ein minnelund vest for Vangskyrkja med veteranmonument, Fredsparken.

Ansvar

8. mai: Ordføraren
FN-Dagen: Oppvekst
Monument og flagg: Kultur og fritid





Medaljeseremoni på Voss, lokale veteranar som får utdelt Fortenestemedalje for sin innsats for Noreg i



17. MAI 1990.

Markering av nasjonaldagen er til stor glede blant barna i Ebel es Saqi.

fredsbevarande styrker i utlandet.



Veteranane sine eigne bilete frå utanlandstenesta

Veteranplan 2025-2028

Ivaretaking


Voss herad er ansvarleg for at personar som er busett i heradet skal bli tilbydd nødvendige helse- og omsorgstenester. For fastlegar og tilsette i heradet vil det vera viktig å vera merksam på at internasjonale operasjonar kan forårsaka fysiske og psykiske helseplagar, og når trauma ligg langt tilbake i tid.

Tiltak

Veterankontakt	Voss herad har ein veterankontakt. Veterankontakten vil ha ansvar for å halde oversikt over heradet sitt tilbod til veteranar og deira familiar. I tillegg skal veterankontakten ha kunnskap om sentrale aktørar innanfor feltet og det tilbodet dei har. Veterankontakten vil vera heradet sitt kontaktpunkt for veteranar, andre samarbeidskommunar, aktørar innanfor feltet, og for forsvaret.
Barn som pårørende	Familiesenter og skulehelsetenesta har ansvar for å fanga opp dei born og unge som kan ha behov for ekstra støtte og bistand.
Årleg brief	I forkant av 8.mai arrangementet vert det gjennomført ein årleg oppsummering i kommunen, om korleis tiltaka i veteranplanen blir implementert i lokalsamfunnet. I tillegg vert eventuelt nye arrangement planlagt i samarbeid med veteranorganisasjonar.
Kommunehelse - tenesta	Kommunehelsetenesta nyttar seg av kompetansemiljøet ved Regionalt ressursenter (RVTS) for å styrke den faglege kompetansen der det er behov.
Nettside	Veteranplanen blir lagt på Voss herad si nettside i. Dette skal vera ein digital versjon av Voss herad sin veteranplan.
Informasjons-materiell	Det skal utformast informasjon om tilbodet i heradet for veteranar. Informasjonen skal være tilgjengeleg for samarbeidspartar.

Ansvar

Veterankontakt:	Rådmann
Barn som pårørende:	Oppvekst, Kultur og fritid
Årleg brief:	Kultur og fritid
Kommunehelsetjenesten:	Helse- og omsorg
Nettside:	Veterankontakt
Informasjonsmateriell:	Veterankontakt



Oppfølging

Oppfølging vil alltid skje med bakgrunn i eit definert behov. I denne samanheng vil det kunna gjelde både veteranen som har delteke i internasjonale operasjonar og familie og pårørande.

I dei tilfella der veteranar har fått utfordringar som følge av si teneste i internasjonale operasjonar vil dette også kunne få følger for deira familie og pårørande. Problematikken kan vera kompleks og involvera fleire kommunale instansar. Samhandling og forståing for dei ulike faginstansar si tyding i handtering av komplekse problemstillingar kan vera viktig for ei god oppfølging

Forsvaret har tilrettelagt for at den einskilde veteran kan få overført sin helsejournal frå si teneste i forsvaret til fastlege eller andre helseinstitusjonar om vedkommande ynskjer dette.

Forsvaret har dessutan eit avgrensa helsetilbod til veteranar i Forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS) og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP).

Dette er et supplement til sivil helsevesen og et lågterskel tilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar.

Tiltak

Samskaping	Voss herad og veteranforeininga NVIO møtest årleg for å evaluera veteranplanen og sjå på samarbeidsmogelegheiter i samband med 8. mai arrangementet.
Skule og barnehage	Heradet bør gjennomføra tiltak for å auka kompetansen om veteranar, og betydinga av deira erfaringar og utfordringane til familien, spesielt borna. Kompetansemiljøa ved RVTS bør involverast for å bidra til dette.
Fagdag	Voss herad, i samarbeid med RVTS og Odda familievernkontor, kan bidra til å få veteranperspektivet inn i relevante fagdagar.
Kommunehelsetenesta	Heradet sine helsestasjonar skal vera merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiing til familiar der eit familiemedlem er, eller har vore, i internasjonale operasjonar. Helsesøster skal sikre oppfølging til familien, og spesielt for borna i familien gjennom arbeid i helsestasjonen og skulehelsetenesta. Helsesøster kan vera ei god støtte for familien og kan gi informasjon om andre støtte- og hjelpetilbod.

Ansvar

Samarbeid:	Veterankontakt
Skule og barnehage:	Oppvekst- og kulturavdelingen
Fagdag:	Kultur og fritid
Kommunehelsetjenesten:	Helse- og omsorgsavdelingen

I tillegg til desse tiltaka ynskjer Voss Herad å sikre god individuell oppfølging av innbyggjarar som melder sitt behov for oppfølging. NAV Voss bør ha ein egen kontaktperson i NAV Voss når det angår oppfølging av veteranar.

Tiltak

NAV Voss	NAV Voss sikrar at alle tilsette vert gjort kjent med veteranplanen, og www.nav.no/veteran som har spesialkompetanse på veteransaker
----------	--



8.mai markering ved Krigsminnemonumentet på Bømøen



Markeringa av Frigjerings og -veterandagen 8.mai er viktig å ivareta. Talar i 2024 var Gunnstein Akselberg. Kvart år er det ein hovudtalar og Ordførar er tilstades på seremonien.

Forsvarets tilbud

Forsvaret har ei rekkje tilbud til veteranar og deira familiar både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfylgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokre tilbud og kontaktpunkt kan nyttast heile livet.

Det er viktig å etablera eit godt sivil-militært samarbeid der dette er naturleg. Kommunar bør fylgjeleg ha eit lokalt samarbeid med forsvaret der dei har avdelingar. Forsvarets veteraneneste vil alltid kunne vera et kontaktpunkt for kommunane.

Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer forsvaret fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får familien informasjon om operasjonen og sikkerheitssituasjonen. Dei får tips og råd om korleis best ta vare på born og forhold andre nære relasjonar. Familien får også møte andre pårørande.

Under utanlands tenesta har forsvaret ein 24-timers kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige beskjeder formidlast til dei som er ute. Forsvaret arrangerer familiesamlingar undervegs der det er hensiktsmessig, og vidareformidlar informasjon frå operasjonsområdet til de pårørande.

På veg heim frå operasjonen har dei tenestegjerande som regel eit opphald på to til tre dagar, kalla mellomlanding. Overgangen til livet heime er ofte stor. Under mellomlanding vert det gjennomført de brif, samtale med psykolog og erfaringsgjennomgang. Ved heimkomst til Noreg vert det helde ein medaljeseremoni for å heidle soldatane. Dei pårørande vert invitert til seremonien.

Året etter heimkomst har forsvaret eit oppfølgingsansvar. Etter tre til seks månader får alle ei oppfølging frå forsvaret. Her vert det stilt spørsmål om korleis den fyrste tida etter heimkomst har vore. Etter eitt år arrangerer forsvaret ei samling kor personellet møtest att for å dela erfaringar om korleis det var å koma heim. På denne samlinga deltar psykolog. Forsvarets oppfølgingsplikt vert avslutta eitt år etter heimkomst. Alle kan likevel når som helst kontakta forsvaret for spørsmål og informasjon om rettigheter, hjelp og tilbud.

Forsvarets veteransenter

Senteret på Bæreia utanfor Kongsvinger, er eit rekreasjons- og aktivitetstilbud som kan nyttast av veteranar og deira familiar.

Forsvarets veteransenter kan brukast både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar, og tilbyr mellom anna:

- Gratis opphald for veteranar og familiemedlemmer til den som tenestegjer i internasjonale operasjonar. Senteret kan også nyttast under permisjon frå utanlands teneste.
- Gjensynstreff for avdelingar. forsvaret.no/veteransenteret

Forsvarets opne dør

Open dør for veteranar og veteranfamiliar er eit tilbud til alle veteranar og deira familie. Her får ein svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon og internasjonale operasjonar, i tillegg til råd og rettleiing om Forsvaret og samfunnet sine ulike tilbud til veteranar – uavhengig av når og kvar tenesta var. Open dør består av et tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å til internasjonale operasjonar gje råd og rettleiing til veteranar og deira familiar. Dei fleste i dette teamet er sjølv veteranar frå internasjonale operasjonar.

Kontakt: veteraner@mil.no eller tlf. 800 85 000 (kl. 0800-1500 på kvardagar).

Lokalt samarbeid mellom veteranane og Voss herad

Voss herad har eit godt samarbeid med veteranane på Voss gjennom den aktive veteranforeninga NVIO. Veteranplanen og evaluering av denne er eit viktig verktøy for å ivareta veteranane og skape gode møteplassar. Viktige punkt for veteranane markeringa av frigjerings og -veterandagen 8.mai, samarbeid med skule og arbeidet med å ivareta viktige monument, og etablera Fredsparken



Norges Veteranforbund, NIVO Voss er eit aktivt lokallag for veteranar på Voss. Dei har ulike arrangement og fast torsdagskaffi i Vaktbua på Bømoen.



Veteranane sine egne bilete frå oppdrag verda rundt kler veggane i Vaktbua på Bømoen



Norsk veteranforeining kåra NVIO Voss til årets lokallag i 2023.

-Grunninga var NVIO Voss si profilering under Landsskyttarstemnet, samarbeidet med Kompani Lauritzen, samt god medlemsauke.



Mange av befalet i Kompani Lauritzen er sjølv veteranar. Veteranane på Voss har bidratt til å hjelpe produksjonen med bygging av hinderbane, kulissar og som statistar.



Gunnar Sønsteby «Kjakan» er ein av dei mest kjente motstandsfolka i Norge. «Kjakan» eit viktig symbol for veteranane.

8.mai markering av Frigjerings og -veterandagen for skuleelevar

Heradsstyret har i møte 08.02.2024 fatta følgjande vedtak i sak 02/24:

Heradsstyret ber ordførar og rådmann gå i dialog med skulane i heradet for å finna ei løysning for å involvera skulane i markeringa av frigjerings- og veterandagen 8.mai.

I dialog med skulesjef og rektorane har me laga eit opplegg for å leggja til rette for god informasjon og kunnskapsformidling om frigjerings og-veterandagen 8.mai. Målsettinga er eit fast tiltak for markering av 8.mai i Vossaskulen på ungdomstrinnet, i samarbeid mellom skule, veterankontakt og veteranane.

Tiltak

Årleg arrangement med film og undervisning 8.mai for 8 eller 9.trinn på ungdomskulen.
Om 8.mai fell på ein laurdag eller sundag blir markeringa fredag før 8.mai.

For 8. klasse på Voss ungdomskule:

Filmen og forelesning i Kultursalen på kulturhuset 8.mai i skuletida

For 8.klasset på Vossestrand ungdomskule: Film på skulen. Veterankontakt og veteran kjem på besøk og har forelesning/ presentasjon.

Granvin ungdomskule: Veterankontakt og veteran kan bidra på «Juni dagen» Granvin ungdomskule sitt faste opplegg for 8, 9 og 10 klasse.

Voss herad har i samarbeid med veteranane ei fast 8.mai markering på ettermiddagstid, med film eller konsert, denne pleier være open for alle, og er gratis. Alle er velkomne her.



«Kongens Nei» eignar seg som skulefilm



Fredspark på Voss

Etter framlegg frå Veteranforeninga NVIO har Voss herad fått utarbeida ei prosjektskisse for ein fredspark på Voss. Målsetjinga er å skapa ein god møteplass og å få samla viktige monument på ein god plass.

Formannskapet, Plan og økonomi - 26/24 Vedtok 25.04.2024:

«Rådmannen jobbar vidare med planen om å etablera ein Fredspark framfor Vangskyrkja.»

I tillegg kom det inn eit punkt etter tilleggsframlegg frå Iril S. Johansen

«Heradsstyret har vedteke at det skal jobbast vidare med planane om eit krigsbarnmonument på Voss, på bakgrunn av at ein av dei største Lebensbornheimane i Noreg låg på Voss, og det faktum at born av krig diverre framleis er eit like aktuelt tema i dag som den gongen. Formannskapet ber om at det i det vidare arbeidet med å etablera ein fredspark framfor Vangskyrkja, vert vurdert ei mogleg plassering av krigsbarnmonumentet i fredsparken.»

Arbeidet med fredsparken vert kopla til og sett i samanheng med eit heilskapleg planarbeid på Vangen og Holbergs plass.

FUGLEPERSPEKTIV

Fredsbåndet leder inn til Vangskyrkja



ØSTENGEN & BERGO AS
Landskapsarkitektur m.m.

PARKEN


Plass foran monumentene



ØSTENGEN & BERGO AS
Landskapsarkitekter mva

IDE OG KONSEPT «ET FREDSBÅND»

- Et nytt monument
- Gir mer lengde for innhold og kan romme ulike historiske hendelser
- Lager ulike romdannelser for opphold og refleksjon
- Skaper interesse
- Leder mot kirken



Viktige datoer som er ønske om at skal markeres

14.01.1814	Kjelltraktaten
17.05.1814	Norges Grunnlov
07.06.1905	Unionsoppløsningen
11.11.1918	Fred
08.05.1945	Fred
04.04.1945	NATO
24.10.1945	FN
10.01.1947	Norges første Internasjonale Operasjon

Tekster

... også vi, når det blir krevet, for dels fred slår leir.

Bjørnstjerne Bjørnson

Vi vil oss et land som er frelst og fritt
og ikke sin frihet må borge.

Vi vil oss et land som er mitt og ditt,
og dette vårt land heter Norge.

Og har vi ikke det land ennå,
så skal vi vinne det jeg og du.

Per Sivle



ØSTENGEN & BERGO AS
Landskapsarkitekter mva

Heile planen finn du i lenkja under.
[Fredspark på Voss - NKDB - Voss herad](#)

Voss herad sin Veteranplan er laga etter initiativ frå NVIO og Ordførar, og er utarbeida i samarbeid med NVIO og Forsvaret si veteraneneste. Planen skal være levande og reviderast ved behov.

Veteranplanen må gjerast kjent internt og eksternt i Voss Herad.

Kostnadsvurdering:

Dei konkrete tiltaka vil medføre behov for arbeidskraft og finansiering.

Tiltak

8. mai, frigjerings- og veterandagen	Heradet vil styrkja sitt årlege 8. mai arrangement for veteranane i heradet, med ordføraren som ansvarleg. Alle veteranar i kommunen vert invitert til eit ope arrangement kulturhuset eller i Vangskyrkja. Kostnadsvurdering: 16.000 kr. Opplegg for Vossaskulen kr 4000.-
FN-Dagen	Skulane vert oppmoda til å nytta lokale veteranar i undervisninga, i forbindelse med FN-dagen 24.oktober eller der det vil passa med undervisningsplanar.
Monument og flagg	Det utarbeidast ein monument vedlikehaldsplan. Flagg rutinar gåast igjennom. Det drøftast med ei minnelund vest for Vangskyrkja med Veteranmonument, sjå eige utarbeid forslag her. Kostnad: Veteranane vil søkja ekstern finansiering for minnesmerket.
Veterankontakt	Heradet har veterankontakt.
Barn som pårørande	Familiesenter og skulehelsetenesta har ansvaret.
Årleg brif	I forkant av 8.mai arrangementet vert det gjennomført ein årleg oppsummering i heradet.
Kommunehelse - tenesta	Kommunehelsetenesta kan nytta seg av kompetansemiljøet ved Regionalt ressurscenter (RVTS) for å styrke den faglege kompetansen der det er behov. Ein av kommunepsykologane oppdaterer seg på veteranarbeidet.
Nettside	Veteranplanen ligg på heradets si nettsida.
Informasjons- materiell	Det skal utformast informasjon rundt tilbodet for veteranar. Informasjonen skal være tilgjengeleg for samarbeidspartar. Her nyttar ein mest digital plattform.

Foto: Thor Morten Trå , Forsvarets mediesenter, Seefood Tv og privat.

Informasjon og kontaktar innan ivaretaking av veteranar

Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og

sjølvmondsforebygging, RVTS Vest -<https://www.rvtsvest.no/> - Tlf. 55 97 66 95

SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner

Hjelper i oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål. www.siops.no - Tlf. 22 69 56 50

NVIO -Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner

Kameratstøtte Ei nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familien. Vert drive i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

Kameratstøttetelefonen 800 48 500 - Ein landsdekkande, døgnbemanna hjelpetelefon der ein får snakka med ein som har tenestegjort utanlands. Du kan vera anonym.

NVIO leidar Voss – Anders Rongve- tlf.: 913 75 022

Kompetansemiljøet for veteransaker i NAV

www.nav.no/veteran har spesialkompetanse på veteransaker og kan kontaktast direkte på mail veteran@nav.no eller telefon.

Gir støtte og innspel til personell som har vore i utanlandstjeneste for Forsvaret.

Gir råd og veileding til Forsvaret, NAV kontor, veteranorganisasjonar og andre samarbeidspartnarar.

Treng du hjelp til noko?

Fastlege - helsenorge.no/kontakt-fastlegen

Familievernkontoret <https://www.bufdir.no/Familie/Kontor/Odda/> tlf:466 19 150

Tildelingskontoret - [Koordinerande eining - Voss herad](#)

Kirkens Sos : [Kirkens SOS](#)

Alternativ til vold – [Alternativ til vold](#)

FORSVARET

Forsvaret tilbyr ulike typar støtte til soldatar, veteranar og deira nærmaste.
Tilboda er vist på forswarets nettsider: forsvaret.no/veteraner

Blant anna:

Forsvarets grønne linje, et
samarbeid mellom Forsvaret og
Kirkens SOS. Telefon: 800 30445

Forsvarets “opne dør” for førespurnadar frå veteranar
Telefon: 800 85 000 (kvardagar mellom 8 - 15)

Kontoret for psykiatri og stressmestring
og Nasjonal militærmedisinske
poliklinikk
Tlf. 23 09 79 30

Forsvarets veteransenter
Bæreiavegen 588, 2208 Kongsvinger
Tlf. 62 82 01 00
veteransenteret@mil.no
forsvaret.no/veteransenteret

